

# KYRKIEBLAD



for SØR - FRON

NR. 2

SOMMER 2019

ÅRGANG 64



SPELmann OG KOMPONIST



*Egert Lygaard*

1919 – 1985

*Vals te tusen*

## «Et sted der du kan bo for alltid» (1 Kon 8.13)

Med disse ordene ber Salomo til Gud under tempelvigslingen i Jerusalem. Han hadde bygget et nytt tempel i byen og nå skulle det vigsles.

Vi vet en del om hvordan denne bygningen så ut ifølge bibeltekstene (1 Kon 6-8). Templet var ca. 50 meter lang, ca. 25 meter brei og ca. 15 meter høy. Foran templet stod det et alter, en vannbeholder og en offerkjele. Huset selv ble delt opp i to avdelinger, en forhall som kaltes det hellige, og innerste rommet som ble kalt det aller helligste. I forhallen stod det oppstilt ti lysestaker av gull, ti skuebrødsbord og et røkelsesalter. I det aller helligste sto det to store serafer (engler) av gull og en tom trone. Alt dette utstyr var en viktig kilde for tro og livsfortolkning på et solid fundament.

Templet i Jerusalem informerer om grunnanken angående en hellig bygning som er i sin essens et møtested mellom gud og mennesker, eller hvis vi følger beskrivelsen av Jakobs drøm i 1 Mos 28, da handler det om et sted der «himmel og jord møtes». Stigen som Jakob så i drømmen nådde helt opp til himmelen. Derfor sier Jakob i vers 17: «Her er Guds hus, her er himmelens port!» På dette stedet ble templet i Betel (et hebraisk ord og betyr «Guds hus») bygget. Et tempel er et spesielt sted der folk møtes til spesielle anledninger.

Vi kan formulere dette slik at en helligdom er en plass som et individ eller en gruppe mennesker identifiserer som hellig og oppbevarer den som slik. Et slikt sted har en viktig funksjon i et samfunn og etter hvert blir det knyttet til forskjellige erfaringer, her samles folk til å be, de kan komme hit med sin tvil og sitt håp i glede og sorg. Her feirer folk fest og her blir det gjennomført ritualer og hellige handlinger.

Ifølge historiske kilder begynte man å bygge kristne kirker på firehundretallet etter at Konstantin den store ble keiser i det romerske rike (306-337). Han var svært knyttet til det å konvertere Romerriket til kristendommen. Etter hvert ble det stor behov for å reise egne bygninger for kristne gudstjenester. De eldste kirkene i Europa er fra den tiden, det ble reist mange store praktfulle kirkebygg.

Da kristendommen kom hit til Norge for ca. 1000 år siden ble det fastsatt at det skulle bygges menighetskirker i hele landet. Det begynte med steinkirker i romansk stil og etter hvert kom mange flotte stavkirker av tre. Disse ble bygget i samme stil og den romerske langformede basilikaen men med mindre lysinnfall på grunn av klima. Fra begynnelsen av ble kristne kirker reist mot øst og soloppgangen. Solen er et sterkt bilde på den oppstandne Kristus, akkurat som Olav den hellige sa i sin tale og alle som var til stede fikk oppleve på det viktige møtet med Dale Gudbrand på Hundorp i 1021.

***God pinse og god sommer!***

*Sokneprest Kristinn Olasson*



## Vår Gud han er så fast ein borg

NoS nr. 108

Denne salma har eg spesielt forhold til. Da eg tok til på skula 1944 da var det slik att da oss kom i høger klasse fekk oss utanåt lekse, som helst skulle puggest, slik lærte oss vel best au, bl. a. salmevers. Da oss kom så langt at oss skulle bli konfirmantar da hadde oss salmevers kvar gong oss gjikk til presta som oss skulle lesa utanåt, som oss kalla det. Konfirmasjon min gjekk over 3 dager:

- 1. Søndag var det overhøring**
- 2. Søndag konfirmasjon**
- 3. Søndag altergang**

Da overhøringa var, vart eg spurt etter salma: Vå Gud han er så fast ein borg, som eg da stod der å les opp. Den vart noko spesielt for meg i ettertid, eg var ingen sanger, men den har vori lesi mang ein gong, liksom den sit i kroppen min.

*Eg takkar Eldrid Listad for at ho utfordra meg. Eg sender den neste «Salma mi» til Johan Dalseg.  
Helsing til alle med ønske om god sumar, og ta vare på kvarandre.*

Frå Audny Morken

Vår Gud han er så fast en borg,  
han er vårt skjold og verge.  
Han hjelper oss av nød og sorg  
og vet oss vel å berge.  
Vår gamle fiende hård  
til strid imot oss står.  
Stor makt og arge list  
han bruker mot oss visst.  
På jord er ei hans like.


Vår egen makt er intet verd,  
snart fikk vi banesåret.  
Men én går frem i denne ferd,  
som Herren selv har kåret.  
Vil du hans navn få visst?  
Han heter Jesus Krist,  
den høvding for Guds hær,  
i ham kun frelse er.  
Han marken skal beholde!

Om verden full av djevler var  
som ville oss oppsluke,  
vi frykter ei, vi med oss har  
den som Guds sverd kan bruke.  
Er verdens første vred  
og vil oss støte ned,  
han ingenting formår,  
fordi alt dømt han går.  
Et Guds ord kan ham binde.

Guds ord det skal de nok la stå,  
og ingen takk de høster.  
Gud selv vil mektig med oss gå,  
hans gode Ånd oss trøster.  
Og om vårt liv de tar,  
og røver alt vi har,  
la fare hen, la gå!  
Mer kan de ikke få.  
Guds rike vi beholder.



# Konfirmantar i Sør-Fron kyrkje 19. mai 2019



1. rekke f.v.: Iselin Aspeslåen, Tonje Hernæs Døseth, Mona Kristin Mørken, Camilla Breistad Haugsjordet, sokneprest Kristinn Olason, Oda Brendstuen, Signe Gravdal, Marie Olstad Sylte, Åshild Haadem Svelle

2. rekke: Kristina Olsen, Louise Strømstad Brinkmann, Indy Sophie Nymoen, Marte Baukhol, Karoline Haverstadløkken, Marie Jacklin Haugen

3. rekke: Sunniva Wadahl, Karen Marie Nystuen, Julian-Isak Løkken Bjørkhaug, Sivert Nyhus, Oddvar Marius Gryttingslien, Lasse Tormod Kristiansen Melgårdshagen, Anna Rita Skurdal, Inga Bjerke Bjørmyr

4. rekke: Amund Seielstad, Even Wassrud, Jan Auglestad, Vette Wangen, Jostein Bratlien, Thomas Roilstad, Iver Skriubakken, Snorre Olsen.

# «Elles tykkjer livet akkurat no er fint»



Slik oppsummerer Åse Ekre samtalet vi hadde om det å frivillig få gjera ein innsats på Sørheim. Aase Ekre bor i Sigurdvegen på Harpefoss. Ho er eit ja-menneske, positiv og interessert i det som rører seg i bygda.

– Har du alltid budd her, Aase?

– Ja, med unntak av eit stutt opphold på Lillehammer har eg budd her all mi tid.

Eg vart fødd i Ane-stugun på Skogly 26. desember 1933. Fem år etterpå kunne vi flytte inn i eige hus rett over vegen. Her fekk eg ein trygg og god oppvekst saman med mor Margit og far Johannes Strand. Det var berre ein ting som mangla i livet mitt, og det var sysken. Det løyste eg på min eigen måte: Ein dag fann eg eit kort med biletet av ein amerikanar som heitte Walther Strand. Til vennene mine fortalte eg at dette var bror min i Amerika. Eg sa visst og at far hadde opphalde seg i Amerika ei tid..... Etter kvart vart eg avslørt. Det kom fram at karen var mykje eldre enn meg, og umogleg kunne vera bror min. Ja, ja – fantasien var iallfall i orden!

Heime hos oss var det alltid ope hus - mange ungar samla seg der, og alle var velkomne. Mor var ofte med oss ungane og leikte.

Det var spesielt to hendingar i barndommen som eg aldri gløymer, nemleg da krigen kom til Fron, for da byrja eg i førsteklasse. Tyske soldatar gjekk vakt ned i Sigurdvegen, og dei spanderte både sjokolade og tyggegummi på oss ungane. Vi tykte vel helst det var litt spanande. Freden, fem år seinare, hugsar eg som noko stort og spesielt. Eg og mor sykla til Svendsen for å kjøpe ei kake til feiringa, og vi såg at flagga kom opp bortover bygda.

Eg gjekk barneskulen på Glasmestermoen, og seinare to år framhaldskule i same bygget. Etter det gjekk turen til gymnaset på Vinstra, men etter eitt år ga eg opp.

I staden vart det samaritt-kurs på Lillehammer, og deretter eit halvår med arbeid på ymse avdelingar på sjukehuset. Etter at eg kom att frå Lillehammer, var eg ekspeditrise på Wadahl-butikken.

På framhaldskulen hadde eg vorte kjent med ein gut eg likte, og 23 år gammal gifta eg meg med Asbjørn Ekre frå Hundorp. Vi hadde fått tre ungar og akkurat flytta inn i nytt hus da eg brått vart enke. Snart skjøna eg og at den fjerde var på veg.

– Korleis kom du deg gjennom den første tida etter sjokket?

– Det var ei tung tid, men eg hadde ikkje noko valg. Livet måtte gå vidare, og eg hadde snart fire ungar å ta hand om. Trass i sorga som hadde råka meg, var eg heldig som hadde nytt hus, bil og arbeid. Ein dag i veka var eg med på helsestasjonen på «kommuna», og om eftan vaska eg på ungdomsskulen. Foreldra mine budde ved sida av oss, og dei var til stor hjelp og støtte for meg og ungane. I denne tida lærde eg mykje om korleis ein kan vera eit medmenneske i ein slik situasjon. Ein treng ikkje alltid å seia så mykje, men du som står midt oppi det, treng å veta at nokon er der for deg!

– Frivillig arbeid til glede og nytte for andre har prega livet ditt. Kva starta det med?

– Saniteten har heile vegen vore hjartebarnet mitt, og her vart spira til frivillig innsats lagt. Ein kan kan vel seia at eg fekk det inn med morsmjølka. Det var gjævt å få vera med mor på sanitetsmøte, og sidan mor var kasserar, hende det at eg hjelpte til med å samle inn kontingensten. På slike oppdrag hadde eg gjerne med meg ei venninne, og da vart ikkje vegen så lang. Eg hugsar at vi gjekk heilt oppå Kile!

I vaksen alder kom eg med i styret for saniteten, først som kasserar, sidan som sekretær og medlem av turkomiteen, for å nemne noko. I seinare år fekk eg bidra når saniteten starta opp med årleg servering av frukost til skule og barnehage. Det var stas. I dag hjelper eg til på torsdagstreffen når det høver seg, og så er eg med og arrangerer bingo i boligane på Sørheim. Eg plar og å sitja vakt i kyrkja om sommaren. Det er ei svært trivelig oppgåve. Eg håper eg blir spurd i år og!

– Det er mange som kjenner deg frå helsestasjonen...

– Gjennom jobben min på helsestasjonen har eg møtt fleire generasjonar. Men det er ei tid for alt. Eg slutta da eg fylte 80 - ville ikkje gå att som ein annan sjuande far i huset.

– Frivillig arbeid er samfunnnyttig, men kva sit du att med?

– Å, det gir meg så mykje. Samveret med beuarane på Sørheim er avgjort to-vegs. Dei syner

takksemd for at eg kjem og deler nytt og gamalt med dei, og eg, på mi side, er takknemleg for at «huggu» funkar og at eg kan rå meg sjølv. Eg kjenner meg aldri så frisk som når eg reiser heim att, og da er ikkje kneet så vondt heller!

Elles må eg få skyte av Sørheim som institusjon. For nokre år sidan braut eg av lårhelsen, og etter at eg var ferdigbehandla frå sjukehuset, ønskte eg å koma til Sørheim på opptrening. Det fekk eg, og etter tre veker med omsorg og godt stell kunne eg reise heim att. Det er godt å koma dit når ein treng hjelp.

– Har det vorte tid til å dyrke eigne interesser?

– Ja da, eg liker å reise - har vore i Amerika to gonger. Eg takkar ikkje nei når ungane vil ha meg med på noko - dei er flinke til å ta meg med. Elles har eg vore med både i helseportlaget, reumatikerlaget, pensjonistlaget og husflidslaget. Eg løyser kryssord, og strikkar haugevis med sokkar som eg gir bort til utanlandske barneheimar. Må halda på med noko, veit du. Trur eg har liggjande 40 par nå...Elles kosar eg meg i eige selskap og «trøter» ikkje på tida, som dei sa før. Det er godt å bli gammal i Sør-Fron!

– Det blir sagt at den digitale verda skapar utanforskap og skille mellom unge og eldre. Har du kjent dette problemet på kroppen?

– Nei, eg har ikkje akkurat det, men nå har eg datakyndige folk i den nærmaste familie som eg kan spørja om hjelp. Eg bruker dagleg både iPhone og iPad, sender meldingar, spelar spel og legg kabal, og kan bli heilt oppslukt av det eg held på med.

– Har du planar/ønskje for sommaren?

– Eg kunne tenkt meg ein Oslo-tur. Det er mangt eg ønskjer å sjå der.

Elles tykkjer eg livet akkurat nå er fint.

Ein kunne vore freista til å spørja 85 áringen korleis det er mogleg «å halda koken» så langt oppi åra, men kanskje er det nettopp ueigennyttig arbeid, det å få vera til glede og nytte for andre som gir energi?

Gudveig Skurdal Rønn



# Kirkevalget

## 8.-9. sep. 2019

**Fakta om Kirkevalget:**

- 8. og 9.september 2019 avholdes Kirkevalget i alle menighetene i Hamar bispedømme på samme tid og sted som Kommunestyre- og fylkestingsvalget.
- For å stemme ved valget, må du være medlem i Den norske kirke og minst være 15 år, dvs. fylle 15 år i løpet av valgåret.
- Kirkevalget er to valg; du velger kandidater både til menighetsrådet der du bor og til bispedømmerådet.
- Medlemmene av bispedømmerådet er også medlemmer av Kirkemøtet, det øverste representative organet i Den norske kirke.
- I valg til Kirkemøtet og bispedømmerådet i Hamar bispedømme er det 3 ulike kandidatlister; Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirkes liste, med tilsammen 39 kandidater.

**Valg av Sokneråd/Kirkelig fellesråd i Sør-Fron 8.og 9.september****Valglokaler:**

Flatmoen idrettspark, garderobebygget vis a vis kafeen  
Harpefoss grendahus, garderobe kjeller  
Lidarende bygdahus, garderobe kjeller

Søndag 8.september kl. 16.00-19.00  
Mandag 9.september kl. 12.00-20.00

**Dalseter høgfjellshotell:**

Mandag 9.september kl. 12.00-16.00

**Forhåndsstemming:**

Sør-Fron kirkekontor 10.august- 2.september, tirsdag-fredag kl.10.00-14.00.  
Sørheim omsorgssenter torsdag 5. september kl.10.00- 13.00.

**Valgliste for sokneråd/fellesråd i Sør-Fron:**

1 Åse Beitdokken	1949	Nerbygda
2 John Sigurd Holtesmo	1958	Øverbygda
3 Rolf Megrund	1938	Espedalen
4 John Ståle Kristiansen	1972	Lia
5 Olaf Forr	1990	Frya
6 Hans Petter Skurdal	1952	Harpefoss

7 Liv Toril Haverstadløkken	1953	Lia
8 Linda Bekkelund	1953	Nerbygda
9 Wenche Toril Bjerkehagen	1967	Øverbygda
10 Ellen Marie Engebretsen	1977	Harpefoss
11 Kristin Sommer	1972	Lia
12 Elisabeth Alme	1946	Øverbygda
13 Irena Svelle	1974	Lia

Det skal velges 8 faste medlemmer og 5 varmedlemmer. Ved tilleggsstemme, (X foran kandidaten), må kandidaten ha fått det fra minst 5% av avgitte stemmer for at det skal ha virkning for sammensetningen av soknerådet.

**Tillitsvalgte og underskrivere av lista;**

Nominasjonskomiteen: Marit Nyhus leder, Jan Peter Stebergløkken nestleder, Jens Magnus Lars-haugen, Anne Marie Brenden og Berit Nustad  
Valgstyret: Rannveig Brandstad leder og John Arne Fossehagen nestleder

Øvrige underskrivere: Sergey Shulga, Aud Moheim og Kristian Haave

**Valg av bispedømmeråd og kirkemøtet**

Ved dette valget er det 3 lister; Nominasjonskomiteens liste, Åpen folkekirkes liste og Bønnelista. Listene er godkjent av valgrådet i Hamar bispedømme 6.mai 2019

**Presentasjon av listene:****Nominasjonskomiteens liste:**

- Lista inneholder en representant fra hvert av Hamar bispedømmes ti prostier
- Representantene velges først blant de lokale menighetene
- Lista representerer 50/50 % kjønnsfordeling
- På lista er det 3 kandidater under 30 år, og som er godt innenfor kravet på 20 %
- Det er en bred variasjon i yrkesbakgrunn, politisk og organisasjonerfaring blandt kandidatene
- De fleste har bred kirkelig bakgrunn i form av verv og/eller frivillig arbeid
- Det er gitt god plass for de som ikke har stor kirkelig erfaring, men som likevel har klare synspunkter på hva de mener er viktig for kirkens fremtid

- Kandidatene er utfordra på: Kirkens arbeid med likestilling og likeverd på ulike områder og bidra aktivt og konstruktivt på Kirkemøtet
- Lista er i prioritert rekkefølge
- Kumulering har ikke vært tillatt på denne lista

1. Inger Kragh Nyhus, Kapp, Toten (1961)
2. Trond Enemo, Stange (1975)
3. Iselin Vistekleiven, Vågå (1983)
4. Bjørn Tore Grutle, Tynset (1958)
5. Elin Gravdal Øvrebotten, Jaren (1957)
6. Solveig Brekke Skard, Brumunddal (1951)
7. Per Anders Håvelsrød, Dovre (1998)
8. Reidar Åsgård, Engerdal (1943)
9. Sidsel Offergaard Jevne, Ryfoss (1950)
10. Toril Kristiansen, Gjøvik (1961)
11. Gunder Nordgården, Gausdal (1996)
12. Alf Bjørge N. Aschim, Hamar (1971)
13. Amalie Myrvang Lund, Engerdal (1994)
14. Torstein Lerhol, Vang i Valdres (1986)

## Bønnelista:

### Bønnlista vil:

- ha en kirke som gir klare svar
- ha Bibelen til avgjørende autoritet
- Guds løsninger
- Lokalt selvstyre.

### Det vil si:

- at familien er Guds ramme
- at Bibelen forklarer seg selv
- at tilgivelse og forsoning er viktig
- at det er kirkens kall å dele Guds glede med alle og stadig skape nye fellesskap for stadig flere mennesker.

### Følger vi dette blir det:

"Mer himmel på jord, plantet i Guds ord".  
La kirken være kirke!

1. Trond Rønning, Elverum (1965)
2. Kari Espås Drogseth, Snertingdal (1956)
3. Hilde Karin Moe, Jevnaker (1964)
4. Filip Hovland, Hunndalen (2000)
5. Vidar Haugen, Åsnes Finnskog (1955)
6. Karin Helga Brustuen, Øyer (1953)
7. Hallvard Vatnar Olsen, Arneberg (2001)

## Åpen folkekirkes liste

I kommende periode skal Åpen folkekirke særlig jobbe for

- å utvikle kirkens demokrati lokalt, regionalt og sentralt gjennom kompetanseheving og tilrettelegging av demokratiske prosesser, åpenhet og utvikling av en demokratisk kultur.

- å utvikle ungdomsdemokratiet både sentralt i Den norske kirke og i bispedømmene.
- at valgordningen forenkles, slik at alternativene blir synlige og tydelige.
- at valgordningen gir innflytelse til bredden blant kirkens medlemmer.
- å sikre at bispedømmerådet/Kirkemøtet velges ved direkte valg.
- at Kirkevalg fortsatt skjer samtidig og i umiddelbar nærhet til kommune- og fylkestingsvalg.
- at kirken ikke stiller andre krav til medlemskap enn dåp. Medlemsavgift skal ikke innføres.
- at det stimuleres til tett samarbeid mellom lokalkirke og kommune, mellom de lokale soknene, og mellom kirkens ulike nivåer.
- at hovedfinansieringen av Den norske kirke skjer gjennom stat og kommune.

## 1. Gunhild Tomter Alstad, Hamar (1974)

## 2. Finn Ragnvald Huseby, Elverum (1949)

## 3. Lisbeth Sydbøge, Gjøvik (1969)

## 4. Lars Erik Flatø, Brandbu (1964)

## 5. Kristin Storbråten Stadsvold, Dokka (1995)

## 6. Marta Bjørnøy Lalim, Vang i Valdres (1986)

## 7. Ivar Bae, Brumunddal (1956)

## 8. Frøydis Angard Ulateig, Lillehammer (1971)

## 9. Njål Slettemark Fosker, Nord-Odal (1969)

## 10. Borgny Skansen Sletten, Vinstra (1974)

## 11. Trond Gellein Løkken, Tolga (1974)

## 12. Christin Caroline Munkebye Aarnes, Lesja (1961)

## 13. Sander Vestby, Hov i Land (2001)

## 14. Kjersti Drtina Øversveen, Elverum (1965)

## 15. Håkon Gulliksen Furuset Karlstad, Skreia (1999)

## 16. Hege Bjerkestrand Midthun, Elverum (1972)

## 17. Lars Erik Hyllvang, Engerdal (1968)

## 18. Ole Midthun, Hamar (1995)

## Stemmetillegg

Listestillerne til Bønnegruppa og Åpen folkekirke har gitt stemmetillegg til sine to øverste kandidater (Navn med uthevet skrift). Det betyr at disse gis et stemmetillegg i sitt personlige stemmetall på 25 % av det antall stemmesedler listen mottar ved valget. For nominasjonskomiteens liste er det ikke anledning til å gi slikt stemmetillegg.

## Presentasjon av lister og kandidater

Alle kandidater blir etterhvert presentert på [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no) og [www.kirken.no/hamar](http://www.kirken.no/hamar), med bilde, navn og personalia. De leke kandidatenes syn på kirkeaktuelle spørsmål blir presentert av den enkelte liste.

Lister til valg av prest og lek kirkelig ansatt i bispedømmerådet/Kirkemøtet

I egne valg i perioden fra 15. juni til 9. september skal prestene velge en prest som medlem i bispedømmerådet. De kirkelig ansatte i bispedømmet skal også velge sin representant til rådet i samme periode.

Alle listene ble godkjent av valgrådet i Hamar bispedømme 6. mai 2019.

## Hva er "leke" medlemmer?

"Leke medlemmer" i denne sammenhengen er alle som er medlemmer i Den norske kirke, og som ikke er ansatt som prest eller i annen kirkelig stilling i bispedømmet i stillingsstørrelse over 15 timer.

**Flertallsvalg:** Ved valg av menighetsråd er det flertallsvalg, valgformen som brukes når det er

én liste. De kandidatene som får flest personlige stemmer, velges.

**Forholdstallsvalg:** Når det er flere lister, slik som ved valg til bispedømmerådet, er det forholdstallsvalg. Listene får et antall representanter etter hvor mange som har stemt på listen. De kandidatene som får flest personlige stemmer på hver liste blir listenes representanter. For Nominasjonskomitéens liste er det satt en sperregrense for personlig stemmetall.

## Sperregrense for personlig stemmetall:

Velgere kan sette kryss ved navnet til en kandidat på listen. For nominasjonskomitéens liste må minst fem prosent av de som har stemt på listen, ha sett kryss ved samme person for at det skal få konsekvens for rekkefølgen på listen.

## ...fra orgelkrakken...


## Primo Vere

Årets konsertserie for kor starta opp 17. mars.

Siste konserten var 7. mai, og da hadde 16 kor deltatt.

Avslutningskonserten ble en mektig opplevelse. Da hadde Gudbrandsdalen orkester sagt ja til å delta, og sammen med Norsk Et Lite Kor, Vingrom Sangkor og Ringebu og Sør-Fron Sangkor ble «Strid for Fred» av Sparre Olsen framført.

At det var dagen før frigjøringsdagen, 8. mai, ga framførelsen en ekstra dimensjon.



# Til himmels med gangar og pols

Søndag 8. september vert det halde folkemusikk-gudsteneste i Sør- Fron kyrkje.

Messa er til heder for spelemannen Oddvar Nygård, som har 100-årsjubileum i år.

Ho vil og gi uttrykk for ein samla heider av minnet til ein stor spelemann frå dagens folkemusikk-miljø. Ved sidan av vår eigen prest og organist deltek folkemusikkgruppa Kvarts i lag med musikalske leiarar frå spelemannslaga og trekkspeklubbar i heile Gudbrandsdalen. Ranglarkampen Kamferkor, Sven Nyhus og Tore Løvgreen er også musikalske gjester i denne storslagne hyllestoen av ein stor spelemann.

Gjennom fleire hundre år er det skrive musikk til gudstenesta. Det var her komponistane la sjela si, og det er her utfordringane står i kø den dag i dag for korsongarar og musikarar.


Verka blir sjeldan brukt i gudstenesta der dei eigentleg høyrer heime, men på konsertar i dei store katedralane, på utgjevingar og scener over heile verda blir storslagne Kyrie, Gloria og Sanctus framførte og lytta til.

Trekkspelaren Jo Asgeir Lie har komponert folkemusikk-messa «Til himmels med gangar og



Oddvar Nygård med trekspillet.





*Med brevet om fortjenestemedaljen.*

pols», som er ein dokumentasjon av prosjektet Folkemusikk og gudsteneste, tradisjonar og ny-skaping, og inneheld ei rekke både gamle og ny-komponerte melodiar som ikkje før er gjeve ut.

«Til himmels med gangar og pols» viser tonen og spennet i det vare og «storslagne» i folkemusikken, og Jo Asgeir Lie fortel at i Ål kyrkje i Hallingdal har dei folkemusikkmesse ein gong i månaden, og dei er gjerne litt skuffa dersom det færre enn 200 personar i kyrkja!

Alle dei kjente messeledda er med er med i Jo Asgeir Lie si messe, men både Kyrie, Gloria og Sanctus har fått nykomponert musikk. I Kyrie finn vi ein gangar, medan Gloria går i pols-takt!

For å hedre minnet om Oddvar Nygård startar messa med «Vals til tusen», som var vinnaren i NRK sin melodikonkurranse i 1970.

Ola Opheim, Nygaard sin faste medspelar gjennom 21 år sa; «Det kan gå 500 år før det kjem att ein slik trekkspelar i Gudbrandsdalen».

Oddvar Nygaard var sjølvstendig næringsdrivande på eit trekkspel i bygde-Noreg livet igjenom, og makta kunststykket å fornye norsk rundanstradisjon. Da den siste plata - av 24 - kom ut, skrev Sven Nyhus på plata.....» han har etterlatt seg en musikalsk rikdom som vil leve videre. I etterkrigstidens Norge har han risset sitt navn som den mest særpregede gammaldansmusiker».

Men det var ikkje med gammaldansen det tok til. Klassisk repertoar vart innøvd, ikkje minst eit danserepertoar med vekt på latin-amerikanske rytmer. Få makta å framføre dette som Oddvar Nygaard, og denne sida ved han er kanskje dei færraste klar over.

Han hadde ei stor breidd som musikar. Han spela Franz List og Schubert ved sida av tango, rumba, samba og foxtrot osv. osv.

Blant dei rundt 160 komposisjonane hans finst også fleire komposisjonar inspirert av eit klassisk trekkspelrepertoar.


Gudstenesta kallar til deltaking, og slik kan vi uttrykke den ære og takk Skaparen skal ha. Vær med på ei messe til inspirasjon og glede. Hent helga inn i kvardagen!

*Karl Olsen*

Kjelder: Jo Asgeir Lie, Øystein Rudi og Rasmus Stauri



*Frå venstre kunstnaren Svein Tore Kleppan, ordfører Aksel Eng, Øystein Rudi, Rasmus Stauri, Trond Halle og leiar i arbeidsgruppa; Gunnar Sørbotten.*



# Nytt frå trusopplæringa:

## Våronnmesse

«En solfylt morgen, søndag 7.april, fyltes kapellet av ivrige 8 og 9-åringer med familie. Rundt 35 personer i alt tok plass ved langbordet, som for anledningen var pyntet med tulipaner og gåsunger. Synøve og Linda serverte en nydelig frokost- og både små og store koste seg med maten. For andre år på rad inviterte kirken til frokost i forkant av Våronnmessen. Når maten var fortært, gikk barna sammen med menighetspedagog Ann-Kristin og kantor Sergey, til kirken for å forberede seg til gudstjenesten. Tradisjonen tro deltok barna i tulipanprosesjon, ledet menigheten i sang, og sådde frø i Potter. Arne leste tekst. Kristinn prest minnet oss om at troen vi mottar i dåpen, trenger gode vekstvilkår for å vokse –

akkurat som frøene vi sår. Etter messen var det kirkekaffe/saft med nydelig kringle. Det ble en fin Våronnmesse, hvor vi feiret alt som spirer og gror. Takk til alle som deltok – og gjorde dette til en minnerik opplevelse.»



## Til alle barn som skal begynne i 1. klasse

Skolestart er verdt en feiring! Derfor inviterer kirken deg og familien til skolestartgudstjeneste i Sør-Fron kirke **SØNDAG 25. AUGUST KL 11.** Sett av datoен nå. Mer informasjon kommer i posten når dagen nærmer seg.



## Babysang høsten 2019

Torsdag 12.september starter babysangen igjen. Vi koser oss med sang, lek, mat og prat. Samlingene passer for babyer fra ca 2 – 12 mnd. sammen med foresatte. Vi møtes åtte torsdager. Kurset koster kr 200,- (inkludert lunsj). Tidspunkt: 0930 – 1100. For info/påmelding kontakt menighetspedagog Ann-Kristin Fauske Mathisen, [akfmat@gmail.com](mailto:akfmat@gmail.com)/975 48 486 eller ring kirkekontoret 61 29 92 30.



# BARNAS SIDE

## Finn navn på 11 fotballspillere!

I rutenettet under har vi gjemt navnene på 11 kjente fotballspillere. Navnene står fra venstre mot høyre og nedover. Klarer du finne alle navnene?

R	A	V	I	O	B	U	K	R	I	F
E	M	A	R	L	A	S	R	Å	P	A
M	R	O	N	A	L	D	O	V	I	C
I	E	N	E	E	P	E	P	O	G	B
A	H	S	Y	L	T	E	S	N	Ø	V
L	A	A	M	E	S	S	I	O	R	A
T	Z	L	A	T	A	N	T	S	U	N
A	R	A	R	N	Y	I	B	Y	C	I
V	D	H	M	A	R	C	E	L	O	X
O	T	I	V	O	Z	A	L	P	E	T



## Fargelegg!

Gud skapte de første menneskene og lot dem bo i en vakker hage.



## Finn fem feil!

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet under?



Gi barnebladet  
Barnas til et barn  
du er glad i!

Disse oppgavene  
er hentet fra bladet.

Bestill abonnement  
på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no)  
eller 22 08 77 00



Vitser

Den vesle jenta  
kom inn i en dyreboutikk og sa:

- Jeg vil kjøpe en kanin.
- Vil du ha denne søte med de store øynene, eller den med den nydelige hvite pelsen? spurte ekspeditøren.
- Det er ikke så nøyne, svarte jenta, jeg tror pytonslangen min liker begge deler.

- Mamma!  
Lillesøster er så  
søt. Hun hermer  
etter fuglene!
- Jaså, kvittrer hun?
- Nei, hun spiser  
meitemark.

**TILBUD TIL PILEGRIMER PÅ EN BÆREKRAFTIG OG KLIMAVENNIG MÅTE.**

# Bærekraft og innovasjon møter tradisjon langs Gudbrandsdalsleden.

**Nå skal tilbuddet langs den populære og aktuelle pilegrimsleden styrkes. Stikkord er bedre servicefunksjoner for vandrere, innovasjon, bærekraft og miljø.**

I tidsrommet jan.2019 - sept.2020 skal det utvikles og settes ut seks miljøvennlige og innovative servicebuer langs pilegrimsleden. Buene skal gi tilgang på toalett, rent vann og lading av telefon. Servicebuene skal plasseres i områder hvor det ikke er annen tilgang til slike fasiliteter. Det trengs derfor nytenkende og bærekraftige løsninger for funksjonalitet, teknologi og design.

For å få frem engasjement og skaperglede, er studenter innen arkitektur og design invitert til å komme med forslag på nytenkende løsninger. Servicebuene skal bidra til å skåne naturen og omgivelsene for unødvendig slitasje og forsøpling, samtidig som de vandrende får tilgang til sanitæranlegg og rent vann. I tillegg er det ønskelig at designet skal reflektere pilegrimstradisjon, men gjerne i møte med nåtid.

Gudbrandsdalsleden var i middelalderen hovedveien til Nidaros og er i dag den lengste pilegrimsleden i Norge. Überørt natur finnes i stort monn langs leden og de 643 km går fra kulturlandskap til høyfjell, fra gammel urskog til små trivelige landsbyer. Pilegrimsleden opplever stadig økende trafikk av vandrere, noe som også øker behovet for god infrastruktur langs leden.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand ved daglig leder har ivret for at natur og miljømålet skal få en større plass i satsingen. Nå kommer et prosjekt som vil bidra til en fremtidig og bærekraftig satting på leden og som kan ta imot veksten av pilegrimer på en måte som skåner naturen for søppel. I Gudbrandsdalen vil det bli satt ut, i første omgang, en slik servicebu. Men vi håper dette skal bli en suksess. Sparebankstiftelsen DNB har bidratt inn i prosjektet med 6 millioner kroner.

Dette er spennende.

Prosjektet har egen hjemmeside hvor det står mer informasjon og adressen er: <http://nasjonalpilegrimssenter.no/om-oss/servicebu-prosjekt-2018-19>

## **Pilegrimsleden i et langsiktig perspektiv.**

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand v/ daglig leder er med i mange prosjekt som ikke bare handler om pilegrimsleden, men som også strekker seg inn i Europeiske kulturveier og i Norgeshistorien.



Gjennom deltagelse i Green pilgrimage project, som er et EU prosjekt, blir det hentet ideer og inspirasjon til å gjøre pilegrimsleden mer grønn. Det være seg resirkulering av søppel, oppsetting av toalettfasilitetetr langs leden, tilgang på vannposter og informasjon og kommunikasjon. I dette prosjektet deltar det representanter fra England, Italia, Sverige og Romania. Her er både pilegrimsveier, pilegrimsål og kultur- og vandrurer representert. Dette er interessant og er med på å gjøre vår egen pilegrimsled både mer kjent ute og mer bærekraftig. Og vi må tenke klima og miljø for veksten vil komme og da må vi være i forkant. Pilegrimssenter Dale-Gudbrand vil ha fokus på resirkulering av søppel og håndtering av avføring langs leden.

I Hundorp 2021 bidrar Gudbrandsdalsmusea AS og pilegrimssenter Dale-Gudbrand med faglig kompetanse og pilegrimstanken. Hundorp 2021 skal markere møtet mellom Olav Haraldsson og Gudbrand av Dale som ifølge Snorre skjedde her i 1021. Her skal Pilegrimssenteret bidra med vandringer og formidling av Olavssarven. Senteret vil også markedsføre Hundorp 1021 gjennom sine kanaler og markedsføre alle de flotte arrangementene som skal skje gjennom året 2021.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand sitter også i styringsgruppen for kulturdepartementets Langtidsplan for pilegrimsatsingen – 2019 – 2037. Her skal vi lage et utkast til en plan for hvordan pilegrimsleden og aktiviteten rundt denne skal

gjøres de neste 20 årene. Dette er spennende og interessant. I styringsgruppen sitter Nasjonalt Pilegrimssenter, Kulturminnefondet, Fylkeskonservatorene i Vestland fylke, Reiselivssjef i Trøndelag reiseliv, pilegrimspresten i Nidaros, styreleder i Sparebankstiftelsen. DnB og Pilegrimssenter Dale-Gudbrand.

I disse dager er høringsinnspillene som skal leses igjennom og behandles. Endelig forslag sendes fra gruppen den 4 juni og til styret i Nidaros domkirkes restaureringsarbeider som vedtar planen og sender den til kulturdepartementet for endelig avgjørelse. Forhåpentligvis har vi en ny langtidsplan for pilegrim i Norge før nyttår 2019.

Vi er også i gang med en ny pilegrimssesong og senterets leder har vært på befaring for å se hva som må gjøres for at leden skal være klar til

å ta imot pilegrimer. Dette skjer i nært samarbeid med kommunene og de frivillige. I tillegg er det gjennomført møter med menighetene langs leden og med overnatningsstedene. Dette er nyttig for å høre hva som skal til for at vi skal bli enda bedre på å ta vare på alle som er involvert og som bruker pilegrimsleden, enten de er lokale vandrere eller langvandrere. Vi skal ikke glemme at dette er vår hovedoppgave.

*Møte med folk, respektfulle møter mellom mennesker med ulike livssyn og tro.*

### God tur

Pilegrimssenter Dale-Gudbarnd  
Per Gunnar Hagelien



# Sør-Fron kirke



## - sommer 2019, onsdager kl. 12

### Pilegrimskonserter:

19.juni - Sergey Shulga

26.juni - Per Anders Håvelsrød

03.juli - Øyvind Sund

10.juli - Amund Grytting

17.juli - Andreas Vangen Andersen

24.juli - Simen Blekastad

31.juli - Paul Wilmot

14.august - Sondre Moshagen

21.august - Frøningein  
(gammaldansgruppe)

## Kvite klede, bålrøyk og lange netter. Kva har dei med pinsa å gjere?

Pinse er den tredje store høgtida i den kristne kyrkja. Opprinnelag var pinsa ein jødisk fest som markerte avslutninga på påska, og skulle minne om da Moses fikk dei ti boda på Sinai berg.

I Det nye testamentet vert det fortalt om korleis Den heilage ande ti dagar etter Jesu himmelfart kom over apostlane, som var samla for å feire den jødiske pinsefesten.

Truleg har vi fått ordet pinse gjennom dansk frå lågtysk pinxte. Ordet kjem opphavleg frå gresk pentekoste, som tyder 'femtiande' (dvs. den femtiande dagen etter påske).

Første pinsedag blir feira den sjuande sun-

dagen etter første påskedag. I kyrkja har pinsa vore feira sidan først på 200-talet til minne om Den heilage ande og grunnlegginga av kyrkja.

Kvitsunn(dag) har vorte brukt ein del i nynorsk om pinse. I norrønt heitte det hvítasunna, hvítadagr, hvítsunnudagr, med tydinga 'kvitesundag' (jf. engelsk Whitsunday). emning på pinsedagen (jf. den islandske nemninga hvítasunnudagur).

Opphavleg var kvitsunndag namnet på første sundagen etter påske, den store dåpsdagen, då dei som skulle døypast, var kledde i kvite klede.

Over heile Sør-Noreg brende dei bål om kvelden før pinsedagen i eldre tid. I Trøndelag la dei gjerne rått bar på bålet, så det skulle ryke til gagns. Både der og i Hardanger tala dei om pinstidrøyk. I andre landsdelar vart det kalla vökeeld, fordi dei hadde vökenatt før pinsedag.

Frå Trøndelag og sørover heitte det at om pinsedagen er varm, blir sommaren kald, og omvendt. I Buskerud heitte det at etter pinseregn blir det ein tørr sommar. I Romsdal meinte dei at det vart eit godt år om det kom pinseregn, om så berre tre dropar. I Nord-Noreg venta dei no pinsria, ruskete og kaldt vær, i alle fall nordavind.

Kjelder: Språkrådet, Store norske leksikon, Wikipedia, Folkeleg tidsrekning og merkedagstradisjon av Brynjulf Alver.

Karl Olsen



Pinstidbål.



Helge Rønningen, minne fra stabstur til Island høsten 2014.

## Helge Rønningen til minne

Helge Rønningen døde 12.april og ble begravet fra Sør-Fron kirke 24.april. Han var tilsatt som vikar ved kirkekontoret i en overgangsfase over to år.

Soknerådet og staben i Sør-Fron kirke ønsker gjennom kirkebladet å takke han for god hjelp, trivelig samarbeid og et samvittighetsfullt arbeid. Fred med hans minne.

# Førebur tusenårsmarkering

**I 2021 er det tusen år sidan kristningsmøtet mellom Olav Haraldsson og Dale-Gudbrand på Hundorp. Planlegginga av ei heilårleg markering er godt i gang.**

I følgje Snorre Sturlason møttes kong Olav Haraldsson og hersen Dale-Gudbrand på Hundorp i 1021. Dette møtet resulterte i at dølane med Dale-Gudbrand i spissen tok i mot kristendommen. I soga om Norge har kristninga av dølane vorte ståande som eit bilet på kristninga av landet, og eit symbol på møtet mellom den nye og den gamle tru, ei ny og ei gamal tid.

## – Varige verdiar

Dette er utgangspunktet for ei storstilt markering i 2021.

– Vi håper tusenårsmarkeringa både skal skape stoltheit og framtidstru, samtidig som vi håper å skape varige verdiar for kommunen og bygda, seier kulturleiar Bjørn K. Sletten som er prosjektleiar for Hundorp 2021.

På heimesidene til kommunen kan du lese meir om konkrete planar og tiltak som vil bli sett i verk.

– Nå er arbeidsgruppene i gang med detaljplanlegging av jubileet, og i løpet av 2019 vil mange brikker i det store puslespelet falle på plass, seier Sletten.

Komponist og musikar Ida Rønshaugen er nå i gang med eit bestillingsverk til jubileet, det er påbegynt arbeid med ein sceneproduksjon, og det blir både vikingmarknad og ei utstilling av dei arkeologiske gjenstandane som er funne i Sør-Fron. I tillegg er Oppland fylkeskommune i gang med produksjon av ei skuleforestilling i samband med jubileet. Denne skal ut i heile nye Innlandet fylke.

## Har du ein god idé?

Sør-Fron kommune har sett av 500 000 kroner til ein såkalla stimuleringspott. Stimuleringsmidiane skal gå til aktørar og prosjekt som er tematisk knytt til og underbyggjer grunnforteljinga i markeringa – kulturmøte og endring – og som ønskjer å få gjennomført sine prosjekt under Hundorp 2021-paraplyen.

Dette kan vera alt frå bokprosjekt, teaterframsetninger, konsertar, historiske vandringer i regi av profesjonelle eller lag og foreiningar i Sør-Fron eller elles i Gudbrandsdalen.

Ta kontakt med prosjektleiar Bjørn K. Sletten på [bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no](mailto:bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no) dersom du har ein idé til eit prosjekt!



På Hundorp, Dale-Gudbrands gard står Olavsstøtta som vart reist i 1907. Foto: Tor Ivan Boine.

## Ny redaktør av kyrkjebladet

Som redaktør for kyrkjebladet har Karl Olsen gitt signal om at han ønsker å fratre. Han har vært redaktør siden 2012 og vært ansvarlig for utgivelsen av nær tretti nummer av bladet. Kyrkjebladet blir godt mottatt av bygdafolket og abonnenter utenbygds. Her nevnes både layout og allsidig innhold. Dette er også Karl siære sammen med den øvrige redaktørstabben.

Dette arbeidet er av frivillig karakter og derfor ikke et lønnet arbeid. Det gjør innsatsen for bladet enda større. Sør-Fron sokneråd har forståelse for Karl sitt ønske om avløsning og vil selvfølgelig takke han for innsatsen nå og når skiftet blir en realitet.

Om DU kan være interessert i å bli redaktør for kyrkjebladet vårt, kan du ta kontakt med leder i soknerådet Egil Tofte eller daglig leder/kirkeverge Kristian Haave. (se «til tjeneste» bak i bladet)



## DET SKJER

<b>Onsdag 12. juni:</b>	<b>Tur til Søsterkirkene</b> på Gran med kaffestopp og middag undervegs. Avreise kl. 09.00 og retur ca. kl. 18.00. Pris kr. 400,- Ønskjer du å vera med så gje beskjed til kyrkjekontoret eller Synøve 97724449
<b>Torsdag 13. juni kl. 11.30</b>	<b>Andakt</b> på Sørheim omsorgssenter
<b>Søndag 7. juli kl. 11.00</b>	<b>Setermesse på Eldåseter</b> Velkommen til gudstjeneste på setra hos Mari og Johan Dalseg. Veibeskrivelse: Kjør opp til Kvarvet, ta av til Østkjølvegen og følg den, kjør over Frybrua og fortsett til Eldåseter. Ca. 45 min. fra Hundorp.
<b>Søndag 4. august kl. 11.00</b>	<b>Peer-Gynt messe</b> ved Stabburstrappa, Peer Gynt arena, Gålå. Samarbeid med Sør-Fron sokn og Peer Gynt stemnet. Tekstleser: Ellen Horn
<b>Søndag 4. august kl.13.30</b>	<b>Høyloftslunsj med Peer Gynt-musikk i ord og toner.</b> Høyloftet restaurant, Peer Gynt Arena, Gålå. Marie Klåpbakken i samtal med Kjetil Bjerkestrand, Simon Revholt, Eldar Nilsen og Henry Eggen
<b>Søndag 8. september kl. 11.00</b>	<b>Spelmannsgudsteneste</b> Dei musikalske leiarane av spelmannslag og trekspelklubbar i Gudbrandsdalen vil saman med prest, organist, Kvarts, Sven Nyhus, Tore Løvgren og Ranglarkampen kamferkor vera med i ei storlagен spelmannsgudsteneste. Liturgien er Jo Asgeir Lies folkemusikkliturgi. Det blir og konfirmantpresentasjon i denne gudstenesta.

## KONSERTER I SØR-FRON KYRKJE

<b>Tirsdag 6. august kl. 20.00</b>	<b>Peer Gynt konsert</b> Ein teaterkonsert med Heidi Ruud Ellingsen som tek for seg Solveig si reise i Peer Gynt. Billetter: <a href="http://www.peergynt.no">www.peergynt.no</a>
<b>Torsdag den 8.august 2019 kl.19.00 i Sør-Fron Kirke</b>	<b>Pianonsert med Stephan Hohlweg</b> <i>Romantikkens mestere</i> Program: <b>Edvard Grieg:</b> 7 lyriske stykker <b>Robert Schumann:</b> Sonate op.22 g-moll <b>Frederic Chopin:</b> Andante spianato et grande Polonaise brillante <b>Ludwig van Beethoven:</b> Symponie Nr.6 "Pastorale" Klaverpartitur av Franz Liszt Inngang: kr. 200,-
<b>Søndag 29. september kl. 19.00</b>	<b>In memory of Elvis Gospel</b> Flaata-Ackles-Busk og FRI Gospel Billetter: <a href="http://www.ticketmaster.no">www.ticketmaster.no</a>
<b>Allehelgensdag, 3.nov. kl. 19.00</b>	<b>Roar Engelberg,</b> panfløyte

# Slekters gang

**DØPTE:**

17.02.19	Arthur Skurdal-Lourical	f. 05.11.18
07.04.19	Johs Tvete Bjørke	f. 06.11.18
28.04.19	Theodor Bratlien (døpt i Kvikne kyrkje)	f. 11.01.19
05.05.19	Martin Resset Lunde	f. 24.01.19
05.05.19	Stine Bøløkken Rønning	f. 04.03.19

**GRAVFERD:**

07.12.18	Bjørg Marie Rudihagen	f. 1949
12.04.19	Asborg Hegge	f. 1923
25.04.19	Kjell Haverstadløkken	f. 1946
25.04.19	Helge Olav Rønningen	f. 1947
03.05.19	Pål Hilmar Tamburstuen	f. 1923
04.05.19	Ragnhild Maurstad (urnenedsettelse)	f. 1930
04.05.19	Per Maurstad (urnenedsettelse)	f. 1930

## Leirer på Livoll Ungdomssenter:

**14.-16. juni:** Til fjells, leir for voksne.

**23.-24. juni:**

Minileir 3-6 år, sammen med en voksen

**24.-26. juni:** Sommerleir 1.- 4. trinn

**12.-14. august:** LL (liv og lek) leir 5.-10. trinn

Spørsmål og påmelding til:  
[nlm.no/arbeid-i-norge/leir](http://nlm.no/arbeid-i-norge/leir)  
 eller Inger, tlf. 99 61 46 42

## Sommeropen kyrkje:

Sør-Fron kyrkje er open for pilegimar og andre forbifarande

**måndag - laurdag kl.10.00 – 15.00**  
**frå 24. juni til 17. august.**

Vi treng fleire friviljuge vakter. Kan du tenke deg å hjelpe oss så ta kontakt.

**Takk for innbetaling av kontingent og gaver til kyrkjebladet!**

**Besök vår hjemmeside:**  
**[www.kirken.sor-fron.no](http://www.kirken.sor-fron.no)**

## TIL TENESTE

**Kyrkjekontoret:**

Kyrkjekontoret i Sør-Fron  
 Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron.  
 Telefon: 61 29 92 30. Fax: 61 29 92 31.  
 E-post: [kirkekontoret@sor-fron.kommune.no](mailto:kirkekontoret@sor-fron.kommune.no)

**Kontortider:**

Tysdag, onsdag, torsdag og fredag kl. 10.00–14.00.

**Kyrkjeverge:**

Kristian Haave  
 Tlf. kontor: 61 29 92 30 Mobil: 90 64 79 15  
 E-post: [kristian.haave@sor-fron.kommune.no](mailto:kristian.haave@sor-fron.kommune.no)

**Sokneprest:**

Kristinn Ólason.  
 Bergevegen 21, 2647 Sør-Fron.  
 Tlf. arbeid: 61 29 92 32. Mobil: 90 87 49 19  
 E-post: [kristinn.olason@sor-fron.kommune.no](mailto:kristinn.olason@sor-fron.kommune.no)

**Organist:**

Sergey Shulga  
 Tlf. arbeid : 61 29 92 33. Mobil: 97 53 71 95  
 E-post: [sergey.shulga@sor-fron.kommune.no](mailto:sergey.shulga@sor-fron.kommune.no)

**Klokkar:**

Synøve Barlund Fladby  
 Tlf. arbeid: 61 29 92 35. Mobil: 97 72 44 49  
 E-post: [synove.barlund.fladby@sor-fron.kommune.no](mailto:synove.barlund.fladby@sor-fron.kommune.no)

**Menighetspedagog:**

Ann-Kristin Fauske Mathisen.  
 Tlf. arbeid: 61 29 92 34. Mobil: 97 54 84 86  
 E-post: [akfmat@gmail.com](mailto:akfmat@gmail.com)

**Kyrkjetenarar:**

Sør-Fron kyrkje: Stein Olav Myhre  
 Mobil: 91 38 58 53.  
 Espedalen Fjellkirke: Arnt Ove Voldbakken  
 Mobil: 97 95 05 42.  
 E-post: [arnt@dalseter.no](mailto:arnt@dalseter.no)

**Sør-Fron sokneråd:**

**Leiar:** Egil Tofte tlf. 91 71 21 55  
 E-post: [egiltoft@online.no](mailto:egiltoft@online.no)  
**Nestleiar:** Rannveig Brandstad tlf. 45 25 81 71  
 E-post: [rannveib@hotmail.com](mailto:rannveib@hotmail.com)

**SØR-FRON KYRKJEBLAD**

Sør-Fron Kyrkjeblad kjem ut med 4 nummer pr. år.  
 Det blir delt ut til alle husstandar i kommunen.  
 Minste kontingent er kr. 200,-.

**I redaksjonen:** Karl Olsen, e-post: [kaol-ol@online.no](mailto:kaol-ol@online.no)  
 Gudveig Rønn og Soknepresten.  
 Bankgirokonto: 2095.21.81263

**Grafisk produksjon og ekspedisjon:**  
 Dale-Gudbrands Trykkeri as, 2635 Tretten.

Tlf. 61 27 73 50

[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)

Stoff til kyrkjebladet sendes redaksjonen  
 eller ring telefon 61 29 92 30.  
 Stoff kan også sendes på mail:  
[prestekontoret@sor-fron.kommune.no](mailto:prestekontoret@sor-fron.kommune.no)

# Velkommen til kyrkje

## **2. juni – Søndag før pinse**

Lit.farge: Kvitt  
Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Krøllegudsteneste

## **9. juni – Pinsedag**

Lit.farge: Raud  
Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Høgtidsgudsteneste

## **16. juni - Treeiningssøndag**

Lit.farge: Kvitt  
Espedalen fjellkirke kl.11.00 Gudsteneste

## **23. juni – 2. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Gudsteneste

## **30. juni – 3.s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Gudsteneste

## **7. juli – 4. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Setermesse i Eldåa 11.00

## **14. juli – 5. s. i treeiningstida**

Lit.farge:Grøn  
Espedalen Fjellkirke kl. 11.00 Gudsteneste

## **21. juli - 6. s. i treeiningstida/Aposteldagen**

Lit.farge: Raud  
Sør-Fron kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

## **28. juli-7. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Espedalen fjellkirke kl. 11.00 Gudsteneste

## **4. august -8. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Stabburstrappa på Borgen, Gålå kl. 11.00 Peer Gynt-messe

## **11. august - 9.s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

## **18. august - 10.s.i. treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Espedalen Fjellkirke kl. 11.00 Gudsteneste

## **25. august -11.s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Skulestartgudsteneste

## **1. september - 12.s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Øvertun grennahus kl. 11.00 Grendemesse

## **8. september – 13. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Spelmannsgudsteneste,  
konfirmantpresentasjon

## **15. september Vingardssøndag/14. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl.11.00 Hausttakkefest, 50 års-konfirmanter

## **22. september - 15. s. i treeiningstida**

Lit.farge: Grøn  
Espedalen Fjellkirke kl. 11.00 Hausttakkefest

## **29. september -16. s. i treeiningstida**

Lit.farge Grøn  
Sør-Fron kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste



**Sør-Fron kyrkje: Nr. 93508**  
**Espedalen fjellkirke: Nr. 525769**